

Til:

Lussand 02.12.2016

Statens Vegvesen Region Vest,  
Askedalen 4, 6863 LEIKANGER.

**Fv 7 Lussandberget / Bjørgatunnelen. Klage på trafikkstøy frå Bjørgatunnelen.**

Den nye Bjørgatunnelen har no vore i drift i vel 2 veker og som eigar av eigedom gnr. 132 bnr. 8 opplever me no at trafikkstøyen er betydeleg auka i høve då trafikken gjekk på «gamle» Fv7.

Me hadde forventa at trafikkstøyen skulle verta redusert når den nye vegen opna, men no er det det motsett. Opplever det som direkte sjenerande slik det er no.

Tunnelløpet på Lussandsida peikar direkte mot huset på eigedomen og fungerer som lydforsterkar ut av munninga. Spesielt høyrer me tungtrafikken meir no. Trafikkstøyen startar lenge før køyretøy kjem ut av tunnelen og sluttar lenge etter at dei har passert munninga på veg inn.

I samband med utarbeiding av reguleringsplanen vert det utarbeidd støysonekart. Men så vidt ein hugsar var dette basert på ein teoretisk berekningsmodell.

Med bakgrunn i ovanforståande krev me at det vert sett opp støyskjerm frå tunnelmunninga og så langt vestover som er nødvendig for å dempe trafikkstøyen.

For å kunne berekne dette må det vel utførast støymåling etter gjeldande normer og reglar.

Med helsing

Gudrun Kalstad / Magne Mo



Lussandvegen 11, 5736 GRANVIN

(Brevet er og sendt på epost.)

Kopi:

- Granvin Kommune, Postboks 13, 5736 GRANVIN
- Hordaland Fylkeskommune,  
Fylkesdirektør Samferdsle  
Postboks 7900 5020 BERGEN